Universitetsledelsen
Arkivref: 2020/7314/ILI030
Dato: 10.03.2021

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Universitetsstyret	19.03.2021	

Høyringssvar til NOU 2020:12, Distriktsnæringsutvalet og NOU 2020:15, Distriktsdemografiutvalet

Innstilling til vedtak:
Universitetsstyret godkjenn høyringssvar til NOU 2020:12 og NOU 2020:15

Bakgrunn:
Kommunal og moderniseringsdepartementet sende 12. januar 2021 NOU 2020:15 «Det handler om Norge» frå Distriktsdemografiutvalet på høyring. I høyringsbrevet blir det også vist til NOU 2020:12 «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn frå Distriktsnæringsutvalet som vart send på høyring 28. oktober 2020, men ved ein «inkurie» ikkje til universitets- og høgskulesektoren. I brevet ber derfor Departementet om felles høyringssvar på dei to utgreiingane. Dette blir også grunngjeve med at begge utvala har liknande vurderingar og framlegg om utdanning og kompetanse.

Høyringsfristen er 26. mars. Saka vart først drøfta ved UiT i leiarmøtet 15. februar, der det vart avgjort at høyringssvaret skulle behandlast i Universitetstyret. Eit utkast til høyringssvar vart lagt fram for leiarmøtet 8. mars, og innspel frå dette møtet er innarbeidd i høyringssvaret som no blir fremja for Universitetsstyret. Saka blir drøfta på det utvida leiarmøtet på UiT 16.3 og på IDF-møte den 17.3. Innspel derifrå vil bli lagt fram på styremøtet.

Generelt om utgreiingane sine vurderingar og framlegg om utdanning:
Både Distriktsnæringsutvalet og Distriktsdemografiutvalet ønskjer eit større og breiare tilbod av fleksible og desentraliserte utdanningstilbod, for å møte framtidas kompetansebehov i distrikta. Begge utgreiingane vektlegg også at ein desentralisert fleircampusstruktur og samarbeid med studiesenter er naudsynt for å gje slike tilbod mest mogeleg distribuert. I tillegg ønskjer utvala at det blir utvikla fleire nye fleksible og desentraliserte tilbod, over ei større breidde av utdanningsspekteret enn i dag, og meir tilpassa vaksne studentar som kombinerer arbeid, utdanning og familieliv.

Utvala tek til orde for at det må innførast insentivordningar for å oppnå desse måla, altså insentiv for fleircampusstruktur, for studiesentra utanfor campus, og for utvikling av fleire fleksible og desentraliserte studiar. Distriktsdemografiutvalet er vidare tydeleg på at utdanningsinstitusjonane skal ha ei eksplisitt distriktspolitisk oppgåve i å bidra til god tilgang på naudsynt kompetanse i distrikta. Utvalet foreslår at dette regionale oppdraget skal verte ein del av oppdragsbrevet til

utdanningsinstitusjonane, og at midlar til å gjennomføre oppdraget blir styrt og fordelt gjennom dialogen med utdanningsinstitusjonane.

Vurderingar:
Universitetsdirektøren meiner dette er to gode og grundige utgreiingar som tydeleg får fram dei nye utfordringane distrikta står framfor, og kjem med nye vurderingar og framlegg som kan bidra til utvikling i distrikta. Dette er særleg relevant for Nord-Noreg som i stor grad er ein «distriktslandsdel», og med ein «distriktsdemografi» der rekrutteringsgrunnlaget for utdanning det neste tiåret blir gradvis eldre. Universitetsdirektøren vil i den samanheng vise til at det ved UiT dei siste åra i eigne prosessar er arbeidd med tilrettelegging for livslang læring (Arbo m.fl. 2020) og meir samarbeid med arbeidslivet (Iversen m.fl. 2019).

Universitetsdirektøren støttar at utdanningsinstitusjonane skal ha ei eksplisitt distriktspolitisk oppgåve, og at midlar til å gjennomføre oppdraget blir styrt og fordelt gjennom dialogen med utdanningsinstitusjonane, og då særleg i dei langsiktige utviklingsavtalane med Kunnskapsdepartementet. Universitetsdirektøren støttar også insentivordningar for fleircampusstruktur, studiesentra utanfor campus, og for utvikling av fleire fleksible og desentraliserte studiar, men påpeikar at desse midlane reelt må stimulere til måla. Vidare støttar Universitetsdirektøren insentivordningar som stimulerer til meir samarbeid med arbeidslivet om utvikling av fleksible utdanningstilbod, og om forsking og innovasjon i distriktsarbeidslivet.

Universitetsdirektøren anbefalar at styret godkjenn høyingssvaret.

Jørgen Fossland	Heidi Adolfsen
universitetsdirektør	avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Ivar Lie

Vedlegg:
1. Framlegg til høyringssvar frå UiT
2. Arbo, P m.fl. (2020): Livslang læring i nord. Rapport fra et utvalg nedsatt av rektor ved UiT Norges arktiske universitet
3. Iversen, K.R. m.fl. (2019): Sammen om kunnskap for en nordvendt framtid. Råd og anbefalinger for framtidens utdanningssamarbeid ved UiT Norges arktiske universitet.